



FRILUFTSRÅDET VEST
Postboks 63
5575 AKSDAL

Dato: 20.04.2016
Vår ref.: 2016/90-21
Saksbehandlar: eirkniv
Dykkar ref.:

Avslag på tilskot til tiltak i statleg sikra friluftsområde - Friluftsrådet Vest - Taraldsøy, Langøya, Lykelsøya og Bjøllebøvågen

Det vert vist til dykkar søknadar for områda Taraldsøy, Langøya, Lykelsøya, Bjøllebøvågen med frist 15.02.2016 til Hordaland fylkeskommune, om tilskot til tiltak i statleg sikra friluftsområde. Utval for kultur, idrett og regional utvikling handsama saka i møte 13.4.2013 – søknadane fekk diverre avslag.

Grunngjeving

Klima- og miljødepartementet har for 2016 fordelt kr 30 mill til fylkeskommunane til tiltak i statleg sikra friluftsområde, kap. 1420, post 78. Hordaland fylkeskommune er tildelt kr 3.850.000 til vidare fordeling. Kr 280.000 av desse er øyremerka tilrettelegging for universell utforming. Det er 14 søknadar med ein samla kostnad på kr 22. 628. 00 og søknadsbeløp på kr 7.923.000.

Kriteria Klima- og miljødepartementet har sett for ordninga ligg til grunn for fordeling av tilgjengelege mildar. Friluftsområde som ligg i og ved byar og tettstader som blir eller har potensial for å bli mykje brukt, og som ligg i område med lite tilgjengeleg strandsoner og stort press på areala er prioritert. Den totale søknadssummen går langt ut over tilgjengelege midlar til fordeling. Dykkar søknadar vart vurdert saman med andre søkjarar opp mot retningslinjene for ordninga.

Søknadar for områda Taraldsøy, Langøya, Lykelsøya og Bjøllebøvågen er båtutfartsområde, og har ingen tilgang utan båt. Førebels har områda avgrensa brukspotensiale for mange, og omhandlar difor ikkje prioriterte tiltak i høve retningslinjene i tilskotsordninga i stor nok grad.

Utval for kultur, idrett og regional utvikling sitt vedtak er lagt ved.

Klage/partsinnsyn

Det er ikkje klagerett på vedtak om midlar til tiltak i statleg sikra friluftsområde, då desse ikkje vert å rekna som enkeltvedtak jf. forvaltningsloven, då berre kommunar og interkommunale friluftsråd kan søkje.

Har de spørsmål kan de kontakte Eirik Knive på epost eirik.knive@hfk.no eller tlf. 55 23 91 66

Lukke til vidare med dykkar arbeid med å skape ein aktiv kvar dag for folk i Hordaland!

Med vennleg helsing

Per Morten Ekerhovd
konst. avdelingsdirektør Kultur og idrett

Britt Karen Spjeld
fylkesidrettssjef

Sakshandsamar: Eirik Knive, rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift